



Statens vegvesen

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:
21/268857-2

Dykkar referanse:
21/796 – 21/10297

Vår dato:
31.01.2022

Uttale ved oppstart og framlegg til planprogram for reguleringsplan for Hosteland Vest – gnr. 14 bnr. 106 og 2 – Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 13.12.2021 med varsel om oppstart av reguleringsplan for Hosteland vest.

Saka gjeld

Det skal regulerast areal for bustadbygging og tilhøyrande infrastruktur vest for Hosteland. Planområdet er 212 daa. Masfjorden kommune er initiativtakar til planarbeidet. Arealbruken er i samsvar med kommuneplanen. Området blir knytt til fv. 570 vest for Hostelandtunnelen.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem.

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegner av staten, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Statens vegvesens rolle i denne saka er som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innafor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Avstanden frå planområdet til butikk er rundt ein km og avstanden til skule er i overkant av to km. Ved bygging av gangveg frå det planlagde bustadområdet austover til Træet ligg det til rette for desse funksjonane kan nåast til fots eller på sykkel.

Statens vegvesen sine innspel til planarbeidet

Vi forventar at nytt kryss med fv. 570 blir plassert og utforma i samråd med Vestland fylkeskommune. Bygging av gangveg frå bustadområdet og austover til Træet er naudsynt i høve til trafikktryggleik. Det er ikkje akseptabelt dersom einaste tilbodet for mjuke trafikantar er på fylkesvegen gjennom Hostelandtunnelen. Her minner vi om punkt 4.4 i føresegnene til arealdelen av kommuneplanen. Vi forventar at rekkjefølgjekravet i kommuneplanen, om etablering av sikker skuleveg, blir vidareført i reguleringsplanen.

Før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn, må eventuelle fråvik frå vegnormalane vere godkjende av rett instans.

Konklusjon

I denne planen er etablering av gangveg mot Træet/Hosteland avgjerande. Med den på plass, blir dette ein god plan som sikrar trygg skuleveg og tek omsyn til statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN